

FAU Grasdalen skule
 Sjøvegen 10
 5918 Frekhaug

24.08.2015

Til Formannskapsmedlemmane

Vedk. Sak 10/2015 saksframlegg om utbygging av Sagstad og Grasdalen skule

FAU ved Grasdalen skule har gjennomgått saksframlegget i denne saka og har fleire merknader til denne. Vi ynskjer difor å kome med opplysningar og synspunkt til saksframlegget.

Innleiingsvis vil vi kommentere saksgongen; Verken rektor, tilsette, SU eller FAU vart orientert av Rådmannen om kva endringar som låg i utbyggingsprosessen. FAU meiner det burde vore sjølvklårt at Rådmannen drøfta saka med rektor ved skulen for å både orientere om saka, og skaffe seg nok og eit riktig faktagrunnlag før saksframlegget vart slutført.

- I saksframlegget kjem det fram at det har vore «behov for fleire spesialrom» ved Grasdalen skule. Det riktige er at det ikkje lenger er nokon spesialrom att på skulen. Alle har vore brukt til klasserom dei siste fire åra. Det er ikkje haldbart at lærarar må sjå seg nøyd til å ha sløydbenkar utandørs for at elvar skal nå læringsmåla. Elevar som treng spesialundervisning må nytte bl.a. kopirom i undervisninga. Dette er sjølvstakt ikkje akseptable arbeidsforhold for elevane.
- Det er ikkje usikre elevtalsprognosar for Grasdalen skule. Det ligg lett tilgjengelege tal som viser at Grasdalen krins har aukande fødselstal. I 2019/20 viser elevtala 180 born. Då er det ikkje rekna med tilflyttarar. I praksis vil den planlagde utbygginga med 200 elevar vera nådd i 19/20.
- Det ligg ferdig regulerte bustadområde i skulekrinsen. Det er venta at ein byggeprosess vil starte så snart «Nordhordlandspakka» er godkjent i Stortinget. Dette er venta å skje i 2016. Det er i all hovudsak småbornsfamiliar som etablerer seg i denne krinsen. At krinsen i framtida også vil ha behov for ein skule med kapasitet til 200 elevar er svært sannsynleg.
- FAU er bekymra for fagmiljøet ved skulen dersom ein no vel å utsette utbygginga og vel eit tredje og midlertidig bygg. Dei tilsette har i fleire år hatt dårlege arbeidsforhold. Rådmannens framlegg løysar ikkje desse forholda, snarare tvert i mot.
- Det er svært dårlege kommunikasjonsløyseringar ved skulen i dag. Eit ekstra bygg vil berre forsterke desse problema.
- Eit ekstra bygg vil ta mykje av uteområdet til elevane. Dette meiner vi er svært uheldig. Borna treng gode og nok areal for å være mest mogeleg fysisk aktive. Mange av borna i bygda nyttar skuleplassen utanom skuletida. Den er såleis ein viktig samlingsstad for bygda.
- FAU er heilt einig i at det er viktig å gjennomføre ei utbygging som sikrar eit godt heilskapleg bygg. Teikningane som ligg føre tyder også på dette. Den planlagde utbygginga vil løyse dei spesielle problema skulen har i dag, i tillegg til kapasitetsutfordringa. Den «nye» skulen vil også gje heile bygda eit lokale som kan nyttast til kulturelle formål saman med gymnastikksal og uteområde. Dette meiner FAU er eit godt tiltak for å gje gode oppvekstvilkår for borna i Austbygda og er med på å førebygge mobbing og andre sosiale utfordringar.

FAU ved Grasdalen skule meiner at skulen har vorte nedprioritert i fleire omgangar. Det er no ikkje mogeleg med fleire utsettingar, elevane i bygda fortener like vilkår som andre elevar i kommunen.